



PROTOKOLL

ULLENSVANG  
KYRKJELEG FELLESRÅD

<b>Frå kl.</b> 10.00 <b>Til kl.</b> 16.0	<b>Møtedato</b> 23.11.2021
<b>Frå sak nr.</b> 25 <b>Til sak nr.</b> 30	<b>Møtestad:</b> Jondal kyrkje
<b>Forfall</b>	<b>Innkalla varamedlem:</b>
<b>Merknader:</b> Møtet vart halde i Jondal kyrkje. Første del av møtet var dialogmøte med tilsette og var unnateke det offentlege. Fungerande kyrkjevevja deltok på teams under sakshandsaming. Torbjørn Dagestad forlet møtet etter handsaming av sak 26 kl. 14.30. Hordaland Folkeblad har vore i kontakt med to av fellesrådet sine medlemar og fungerande kyrkjevevja. Dei ønskjer å få tilsendt protokollar frå møta. Det er ikkje krav om at protokollar skal verta lagt ut på heimesida, men fellesrådet ønskjer å gjera protokollane tilgjengelege for allmenta. Protokollane vil frå no av verta lagt ut på heimesida til kyrkjene i Ullensvang.	
<b>Underskrifter:</b> Protokollen vert underskriven av leiar og nestleiar, og er godkjent elektronisk.	
<b>Leiar</b> Lars O. Seim	<b>Nestleiar</b> Kari Bjørkavoll Eitrheim
Cecilie Styrmoie Stærnes	Torbjørn Dagestad
Torbjørn Bjotveit	Steinar Tokheim
Audhild Engesæter	Airin Nesse
Margrethe Ølberg	Kjellaug Hoås Samland

Hovudutskrift sendt til:

Medlemar, varamedlemar, prosten, revisjonen.

Soknerådsmedlemene som er med i fellesrådet nyttar sitt referat som melding til soknerådet.

## MØTEINNKALLING

### ULLENSVANG KYRKJELEG FELLESRÅD

KYRKJELEG FELLESRÅD HAR MØTE I JONDAL TYSDAG den 23. NOVEMBER kl. 10.00.

Kl. 10.00 – 13.00 Dialogmøte IKKJE OFFENTLEG

Matpause – venlegst ta med niste.

Etter matpause gjennomgang av saksliste.

#### Kalla inn:

Innkalling er sendt på e-post med melding og orientering på sms.

Lars O. Seim (leiar), Cecilie Styrmoie Stærnes, Airin Nesse, Audhild Engesæter, Steinar Tokheim, Kari Bjørkavoll Eitrheim, Torbjørn Dagestad, Torbjørn Bjotveit, Margrethe Ølberg Røed (geistleg representant), Kjellaug Hoås Samland (kommunal representant).

Varamedlemar møter etter nærare varsel. Mogelege forfall må meldast snarast til Lars tlf 909 62 584 eller Gerd tlf 971 69 904.

Me ber alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker å melda frå om dette snarast.

#### FORFALL

#### INNKALLA VARAMEDLEM

#### GODKJENNINGAR

Innkalling og saksliste. Godkjent

Referat frå møte 06.10.21 er utsendt og det er ikkje motteke merknader. Godkjent.

#### MERKNADER

Leiar Lars O. Seim og fungerande kyrkjevevja er merksame på at tidlegare oppsette fristar for innkalling med saksliste (1 veke) ikkje vert følgt. Leiar vil gjera fellesrådet merksam på at så lenge ein ikkje har tilsett kyrkjevevja på plass, vil møteinnkallingar og sakshandsaming måtta tilpassast andre presserande administrative oppgåver. Det vil sei at til tider vert saker sendt ut kort tid før møtet eller lagt direkte fram på møtet.

#### SAKSLISTE:

SAK 25	MØTEGODTGJERSLA
SAK 26	REKNESKAP FOR ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD 2020
SAK 27	UTSKIFTING AV BRANNVARSLINGSSENTRAL I ULLENSVANG KYRKJE
SAK 28	ODDA KYRKJE FJERNING AV BENKER – INNKJØP AV NYTT TEPPE I ODDA KYRKJE
SAK 29	HØYRING OM NY KYRKJEORDNING
SAK 30	MELDINGAR (vert lagt fram på møtet)

Odda, 18.11.2021

Med helsing  
sign  
Lars O. Seim  
leiar

Gerd Rosten Bu  
fungerande kyrkjevevja

## MØTEBOK

### ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sak nr.	25-2021	Sakshandsamar	grb
Arkiv nr.	01	Møtedato	23.11.2021

#### SAK 25 MØTEGODTGJERSLA ULIKE UTVAL TIL SOKNERÅD OG FELLESRÅD

##### DOKUMENTLISTE:

1. Revidert budsjett sak 20/21.

##### VEDLEGG:

Ingen.

##### SAKSOPPLYSNINGAR:

Kyrkjeleg fellesråd vedtok satsar for møtegodtgjersla for leiar og møter i råda. Det er kome spørsmål til administrasjonen om kva møter som har godtgjersla og dette må fellesrådet ta stilling til. Det er fellesrådet sjølv som vedtek godtgjersla.

Fellesrådsleiar har 3% av kyrkjeverja si løn. Soknerådsleiarane får ei fast årleg godtgjersla på kr 3.000 og kr 1.000 for kvart møte som vert halde, i tillegg kjem møtegodtgjersla.

Godtgjersla pr møte for medlemar er kr 600 for fellesrådet sine møte og kr 400 år soknerådsmøte. Eit varamedlem møter fast i sokneråda og får godtgjersla som medlem.

Sokneråda – andre møter som utgår frå arbeidet i soknerådet. Diakoniutval, musikkutval, jubileumsutval med fleire. Møte på Voss om høyringa.

Skal desse utløysa møtegodtgjersla?

Reiseutgifter vert alltid dekkja. Sokneråd har gjerne lagt møta til tidspunkt som ikkje gjer at folk må ta fri frå arbeid, som vil utløysa tapt arbeidsfortenesta.

Fellesrådet har ansvar for bygg, anlegg og personal. Før møtet i fellesrådet er det møte i administrasjonsutvalet dersom det er saker som først skal handsamast i administrasjonsutvalet før fellesrådet skal gjera vedtak. Medlemene i fellesrådet har fått godtgjersla for eit møte i og med at det er same dagen og gjeld dei same sakene.

Fellesrådet har eit arbeidsutval som går inn mellom møta til fellesråda. Dei kan ha saker som er vanskelege og treng gjennomgang og det kan vera saker hastar som må takast ei avgjerd i før fellesrådet. I personalsaker kan det vera tenleg at arbeidsutvalet gjer ei vurdering og eit arbeid slik at ikkje heile fellesrådet treng involverast i saker som til dømes skal vera unnateke det offentlege.

Kva godtgjersla skal dei som sit arbeidsutvalet ha?

Det er rådet sjølv som avgjer godtgjersla og kyrkjeverja har ikkje framlegg til vedtak.

##### Kyrkjeleg fellesråd, den 23.11.2021

Saka vart drøfta i møtet og rådet gjorde følgjande vedtak:

##### VEDTAK:

Underutval av sokneråda skal ikkje ha møtegodtgjersla.

Administrasjonsutval og fellesråd som har møte same dag utløyser godtgjersla for 1 møte.

Medlemar i arbeidsutvalet som ikkje får godtgjersla for tapt arbeidsfortenesta får møtegodtgjersla.

Utskrift til:	Sokneråda.
---------------	------------

## MØTEBOK

<b>ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD</b>			
Sak nr.	26-2021	Sakshandsamar	grb
Arkiv nr.	133	Møtedato	23.11.2021

### SAK 26 REKNESKAP FOR ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD 2020

#### DOKUMENTLISTE:

1. Sak 10/21. Rekneskap 2020
2. Budsjettskjema og rekneskapsskjema drift og investering.
3. Noter til årsrekneskapen 2020.
4. *Revisors beretning og uttale om revisjon av årsrekneskapen – lagt fram på møtet.*
5. *Rapport etter avslutta revisjon av Ullensvang kyrkjelege fellesråd sin årsrekneskap for 2019 dgs 16.06.20 – lagt fram på møtet.*

**Vedlagt dokument 2, 3. Dokument 4 og 5 er ikkje motteke pr i dag, og vert framlagt i møte.**

#### SAKSOPPLYSNINGAR:

I vedtak i sak 10/21 var overskotet kr 111.221,85 og dette vart vedteke avsett til disposisjonsfond.

I samarbeid med revisor har ein funne at nokon postar må føringane endrast på. Det inneber ikkje endringar i kapitalen til fellesrådet. Det er avsetjing til og bruk av fond i 2020 som har føringar som må endrast. Det gjeld og overføringar frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen. Dette utgjær i praksis at overskotet for 2020 vert større og avsetjing til fond kan først gjerast i 2021.

Rekneskapen viser eit etter korrigering eit overskot på kr 393.112,84. Dette vert avsett til disposisjonsfond.

Revisor sin rapport er ikkje motteken pr dags dato og vert lagt fram på møtet.

#### KYRKJEVERJA SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Rekneskap for Ullensvang kyrkjelege fellesråd 2020 vert godkjent, med endringane som er gjort i samråd med revisor.

#### Kyrkjeleg fellesråd, den 23.11.2021

#### VEDTAK:

Rekneskap for Ullensvang kyrkjelege fellesråd 2020 vert godkjent, med endringane som er gjort i samråd med revisor.

Rekneskapen viser eit korrigert overskot på kr 393.112,84. Dette vert avsett til disposisjonsfond.

Utskrift til:	Økonomikontoret
---------------	-----------------

## MØTEBOK

<b>ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD</b>			
Sak nr.	27-2021	Sakshandsamar	grb
Arkiv nr.	411.6	Møtedato	23.11.2021

### SAK 27 UTSKIFTING AV BRANNVARSLINGSSENTRAL I ULLENSVANG KYRKJE

#### DOKUMENTLISTE:

1. Rapport årskontroll Autronica 2021.
2. Tilbud skifte av brannsentral og dedektorar i Ullensvang kyrkje frå Autronica Fire and Security AS.

#### VEDLEGG:

Dokument 2.

#### SAKSOPPLYSNINGAR:

Brannalarmsentralen må skiftast ut på eit tidspunkt. Den vart skifta i Utne kyrkje i tilknytning til installering av vasståkeanlegg. Detektoren som er øydelagt står i rommet der el-tavla er plassert. I dette rommet er det viktig at detektoren fungerer. Dei gamle detektorane bør bytast med nye og kan ikkje monterast mot gamal sentral. Autronica tilrår å byta sentralen utstyr no, sidan det er tidsspørsmål om når sentralen må skiftast.

Dei har kome med eit tilbod på kr. 66.000 for å skifta ut brannalarmsentral og nye detektorar.

Kyrkjeverja vil rå til at brannalarmsentralen vert skifta i tråd med tilbodet frå Autronica.

#### KYRKJEVERJA SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kyrkjeleg fellesråd tek mot tilbodet frå Autronica om å skifta brannalarmsentral og defekt detektor. Arbeidet må gjerast etter nærare avtale og det må takast omsyn til at det kan verta gravferd i kyrkja. Om arbeidet må avbrytast grunna gravferd skal dette ikkje medføra ekstra kostnader for fellesrådet.

#### Kyrkjeleg fellesråd, den 23.11.2021

#### VEDTAK:

Kyrkjeverja sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Utskrift til:	Autronica
---------------	-----------

## MØTEBOK

### ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sak nr.	28-2021	Sakshandsamar	Grb (aht)
Arkiv nr.	411.1	Møtedato	23.11.2021

#### **SAK 28 ODDA KYRKJE FJERNING AV BENKER – INNKJØP AV NYTT TEPPE I ODDA KYRKJE**

##### **DOKUMENTLISTE:**

Odda sokneråd sak 50/21 den 20.10.21

Rundskriv Q-6/2020. Forvaltning av kyrkje, gravplass og kikens omgivelser.....

##### **VEDLEGG:**

Ingen.

##### **SAKSOPPLYSNINGAR:**

Teppet som ligg i midtgangen i Odda kyrkje er nedslite og tungvint å halda reint. Lefdal Teppeveveri har vore på synfaring i kyrkja, og kome med tilbod på nytt teppe. Dei har gjeve to alternativ, begge med grøen som grunnfarge, slik at det nye teppet vil harmonera godt med putene i kyrkjebenkane og med interiøret elles i kyrkja.

Soknepresten og staben ynskjer samstundes å fjerna 3 benkar framme i kyrkja, og 1 bak, for å gjera kyrkja meir tilpassa ulike aktivitetar i tilknytning til gudstenesta, som til dømes bønnevandring, kyrkjekaffi (bak) og barneaktivitet. Desse grepa vil òg gjera kyrkje meir universelt utforma og vil gje meir rom for fri aktivitet til andre tider enn ved gudstenesta.

I dag er det 20 benkar på venstre side, og 19 benkar på høgre side i kyrkja. I tillegg er det sidebenkar langs heile langveggen på begge sidene i kyrkja. Framme på venstre sida er det liten plass mellom den fremste benken og ljosgloben. Dette kan føra til farlege situasjonar med tanke på dåpsfølge og ljostenning.

Ved fjerning av dei 2 fremste benkane på denne sida, vil me redusera risikoen for uheldige episodar, og gje rom for bønnevandring og ljostenning. På høgre sida framme, er det ynskje om å få fjerna den fremste benken. Den ligg omtrent rett under preikestolen, og er plassert tett opptil instrument og nattverdsbord.

Lenger bak i kyrkja på høgre side, er det plass for salmeboktralle og eit bord med teiknesaker til borna. Det er ynskje om fjerning av ein benk, for å tilretteleggja for barnefamiljar og til bruk ved kyrkjekaffi. Alle desse endringane er med på å gjera kyrkja tryggare, meir barnevenleg, tilretteleggja for kyrkjekaffi og meir universelt utforma med tanke på rullestolar.

Nytt teppe vil gje kyrkja eit finare heilskapsinntrykk, og letta reinhaldsarbeidet for kyrkjjetenar. Odda kyrkje feira 150 år hausten 2020, midt under koronatida, og nytt teppe var føreslege som jubileumsgåve til kyrkja – i eit spleiselag mellom kommune, fellesråd og sokneråd. Kostnaden med nytt teppe ligg på rundt kr. 135.000,- pluss mva.

##### ***Odda sokneråd gjorde fylgjande vedtak i sak 50/2021, i møte nr 7 den 20.10.2021:***

*Nye tepper i kyrkja og fjerning av kyrkjebenker:*

*Det er kome prøvar og pristilbod på nytt teppe i midtgangen i kyrkja og rundt alteret.*

*Margrethe (soknepresten) ynskjer å fjerna benkar for å få betre plass til ulike aktivitetar i kyrkja.*

*Vedtak:*

*Vi vedtek at den lysaste grønne fargen blir brukt til nytt teppe i kyrkja. Det er ikkje ynskjeleg med nytt teppe i våpenhuset. Vi vedtek at 3 benkar framme og 1 benk bak i kyrkja vert fjerna.*

**Det vert søkt om fylgjande endringar i Odda kyrkje:**

- Fjerna dei 2 fremste benkene på venstre side
- Fjerna den fremste benken på høgre side
- Fjerna 1 benk bak i kyrkja på høgre side
- Nytt teppe i midtgangen

**Kva for konsekvensar vil dette gje for kyrkja:**

I dag er Odda kyrkje godkjent for maks 410 personar. Me reknar i snitt 8 personar per benk. Ved fjerning av 4 benkar vil det verta 32 plassar mindre, slik at maks tal vert redusert til 378 personar. Det er berre ved større konsertarrangement (utleige) at me har så mange til stades i kyrkja. Ved store gudstenester som jul og konfirmasjonar er det sjeldan meir enn 300 til stades.

Endringane vil gje oss ei tryggare kyrkje, med mindre risiko for uheldige situasjonar knytt til bruk av levande ljøs, og ei meir tilrettelagt kyrkje for barn, familiar, universell utforming og for auka aktivitet.

**Fjerning av benker.**

*Foto frå galleriet, og fram mot alteret.*

*Foto framme venstre side.*



*Ønsker fjerning av dei 2 fremste benkene her, på venstre sida framme:*

*Foto frå galleri – høgre side*

*Foto framme, høgre side fjerna fremste benk*



Foto bak, på høgre side



Ønskjer å fjerne benken framom stolpane.



### Nytt teppe i kyrkja.

Stoffprøver nytt teppe til midtgangen, ilag med eksisterande benkepute (til høgre på bildet)



### KYRKJEVERJA SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kyrkjeleg fellesråd støttar framlegget til Odda sokneråd om å fjerne 2 benker framme på venstre side i skipet og fremste benken på høgre side i skipet. Bak i skipet ønskjer soknerådet å fjerne 1 benk på høgre side

Lefdal teppeveveri har god kvalitet på teppa sine og er nytta i mange kyrkjer. Fargen som er teken ut høver godt til interiør og sitjeputer i kyrkja.

Kyrkjeleg fellesråd dekkar 1/3 av kostnadane med nytt teppe kr 45.000 i kyrkja. Dette vert finansiert av drift eller av fond om det ikkje er midlar på drift.

Søknaden om fjerning av benker og nytt teppe i kyrkja vert sendt biskopen i Bjørgvin.

### Kyrkjeleg fellesråd, den 23...2021

#### VEDTAK:

Samøryste som framlegg til vedtak.

Utskrift til:

Odda sokneråd  
Bjørvin biskop.



## MØTEBOK

<b>ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD</b>			
Sak nr.	29-2021	Sakshandsamar	grb
Arkiv nr.	008	Møtedato	06.10.2021

### SAK 29 HØYRING PÅ NY ORGANISERING I KYRKJA.

#### Saksdokument:

1. Høyringsdokumentet tilsendt frå Kirkerådet juni 2021.
2. Høyringsnotatet.
3. Uttale frå KA.

#### Vedlegg:

Dokument 3. Det er tidlegare sendt ut vedlegg 1 og 2 i tilknytning til informasjonsmøte 26.10.2021

#### Saksutgreiing:

Det var felles samling på Voss 2. september der sokneråda i prostiet var invitert til informasjonsmøte om høyringsdokumentet. Kyrkjeleg fellesråd inviterte sokneråda til informasjonsmøte i soknehuset i Odda den 26.10. Bjart Magnus Rosvold kyrkjevevja i Vaksdal og prost Arild Hellesøy informerte frå høyringsdokumenta etter at introduksjonsfilmen frå kyrkjerådet var sett.

Sokneråd og fellesråd har fått saka til uttale. Ein kan velja om ein vil ta stilling til og svara på alle spørsmåla eller om ein vil gå gjennom og svara dei spørsmåla rådet tykkjer er viktigast for den lokale kyrkja.

KA sitt styre har handsama høyringsdokumenta. Dette er å finna på sidene til KA som Word-fil og sokneråd/fellesråd kan nytta deler av dette til sine svar. Fellesrådet kan svara på dei spørsmåla dei finn aktuelle.

Ullensvang kommune har svara på høyringa og pr 29.10 er det 99 kommunar som har svara. Denne saka er eit viktig område også for kommunal sektor. Dette gjeld ramma dei gjev til fellesråda og kommunal tenesteyting. Frå kyrkjevevjene si side vert det etterlyst eit oppsett over kor mykje kommunal tenesteyting utgjer i kroner. Dette er ikkje omtala i høyringsdokumentet.

Kyrkjevevja har ikkje framlegg til vedtak i denne saka. Nokon av sokneråda har handsama høyringa og det vert lagt opp til drøfting på møtet der fellesrådet kan utarbeida svar på dei spørsmåla dei ønskjer svara på og gje kommentarar til.

#### Kyrkjeleg fellesråd, den 23.11.2021

Kyrkjeleg fellesråd diskuterte høyringsframlegga. Jondal og Odda sokneråd har sendt inn høyringsssvar. Utne har hatt saka oppe og landa på å avvisa prostifellesrådsmodellen, og vil senda eige høyringsssvar. Jondal gjekk for modell 3. Odda har avvist prostifellesrådsmodellen og skrive eige høyringsframlegg, dei har gått inn for same framlegg som Presteforeininga.

## MØTEBOK

<b>ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD</b>			
--	--	--	--

Sak nr.	30-2021	Sakshandsamar	grb
Arkiv nr.		Møtedato	23.11. 2021

### SAK 30 MELDINGAR

1. Jondal kyrkje – KNIF – takstrappport på vasskade toalett februar 2021. Avslag på regresskrav til forsikringsselskapet KNIF – skaderapport om lag kr 20.00.
2. Brev frå Bjørgvin biskop – Saksgang i saker knytt til kyrkjebygg og kyrkjestader – kyrkja sine omgjevnader. Rundskriv Q-06/2020. Forvaltning av kyrkje, gravplass, og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø.
3. Brev frå Bjørgvin bispedøme – dgs. 04.11. Vedtak i bispedøme. Sokneinndeling - Grensejustering mellom kommunane Ullensvang og Eidfjord - ved Ytre Bu. Gnr 229 Ytre Bu vert tilhøyrande Eidfjord sokn frå 01.01.2022.

**Meldingane vert tekne til orientering og etterretning slik dei ligg føre.**

Utskrift til:	
---------------	--

Alle råda er redde for at området skal bli for stort, og at det vert for stor avstand med svekking av det lokale nivå og for stor avstand til kommunen mm.

**VEDTAK:**

Ullensvang kyrkjelege fellestråd sender uttale der ein avviser dei tre modellane, og går inn for Presteforeininga sin modell der Bispedømerådet er arbeidsgjevar for alle.

Leiar Lar O. Seim skriv høyringsssvar.

Utskrift til:	Sokneråda
---------------	-----------